

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Brev frå Ullensvang herad, dagsett 11.05.15, vart vidaresendt til medlemmane i samu same dag.

Atle Kvåle sette fram fellesforslag frå A, SP, SV, KRF om endra innstilling i pkt 2 ved å ta ut avsnitt 1 og 3 og setja inn nytt avsnitt.

For sambandet Kinsarvik-Utne vidarefører me dagens tilbod.

Stein Inge Ryssdal sette fram forslag til vedtak i tillegg til innstillinga.

Samferdselsutvalet meiner det er viktig med eit fergetilbod Kinsarvik - Utne også på kveldstid. Samferdselsutvalet ber om at det til fylkesutvalets møte blir redegjort for moglegheiten for å fjerne A/B notene på ruta og konsekvensene av dette. Kanskje kan løysinga vera skyving av kveldsskiftet eller eit ekstra mannskapsskift.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1 vart samrøystes vedteke.

Atle Kvåle sitt forslag til ny innstilling i pkt 2 vart vedteke med 8 røyster (A, SP, SV, KRF, H (Einar Lutro)).

Stein Inge Ryssdal sitt forslag til vedtak fekk 5 røyster (H (Ryssdal, Lutro, Tislevoll), FRP (Ulvund), V) og fall.

Innstilling

1. Som følge av endra reisemønster og redusert trafikkgrunnlag vil trekantsambandet Kvanndal – Utne – Kinsarvik frå hausten 2015 utgjere to einskilde samband:
 - Kvanndal – Utne
 - Kinsarvik – Utne
2. For sambandet Kvanndal-Utne vert det lagt opp til nytt rutetilbod med mindre ferje der ein i hovudsak opprettheld dagens opningstider, men tal turar vert redusert noko slik at sambandet i all hovudsak vil ha timesfrekvens

For sambandet Kinsarvik-Utne vidarefører me dagens tilbod